



SAKSHANDSAMAR
Anke Loska
Jorun E.A. Hals
Lars Erik Bru

VÅR REF.
06/01284-16

ARK. B - Bygninger

336 (Kristiansund N) Kristiansund - MR

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 982 02 792

DYKKAR DATO

VÅR DATO
06.09.2018

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Se mottakerliste

Mellemværftet - gnr. 7 bnr. 7, 8, 9, 13 og 26 i Kristiansund kommune - vedtak om freding

Vi syner til tidlegare utsendt fredingsforslag for Mellemværftet datert 20.04.18 som har vore på høyring hos vedkommande partar og instansar. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:



Foto: Arve Kjersheim, Riksantikvaren

VEDTAK:

I medhald av lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kml) §§15 og 19, jf. §22, fredar Riksantikvaren Mellemværftet, gnr. 7 bnr. 7, 8, 9, 13 og 26 i Kristiansund kommune.

Omfanget av fredinga

Fredinga etter kml §15

Fredinga etter §15 omfattar følgjande bygningar og konstruksjonar:

- verkstaden, bygningsnummer 178812467, Askeladden ID 120494-1

Fredinga omfattar bygninga sitt eksteriør og interiør. Fredinga av eksteriør og interiør inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløyising, materialbruk, overflathandsaming og bygningsdelar som vindaug, dører, gerikter, listverk og eldstadar. Fast inventar som veggfaste skap og hyller, veggfaste fil- og arbeidsbenker, esser mv. er freda som en del av interiøret.

Fredinga omfattar følgjande større laust inventar i verkstaden:

- rom 1.1, smia:
 - løpekatt av tre og stål over essa i nord, med tilhøyrande utstyr/ delar
 - rørlag bom over essa i sør med tilhøyrande utstyr/ delar
- rom 1.2, metallstøyper:
 - støypeomn med avtrekk
 - løpekatt i taket med vogn og kjettingtalje
 - akslingbukkar og reimskiver i taket etter tidlegare reimsystem med tilhøyrande utstyr/ delar
- rom 2.5, maskinverkstad:
 - dreiebenk, ukjent fabrikk, 560 cm lang, midt i rommet, med tilhøyrande utstyr/ delar
 - reimdrift frå taket, med tilhøyrande utstyr/ delar.
 - dreiebenk, ukjent fabrikk, mot austvegg, med tilhøyrande utstyr/ delar.
 - søylebor, ukjent fabrikk, mot søyle i sør. Reimdrift frå taket, med tilhøyrande utstyr/ deler.
 - shaping, mot nord, ukjent fabrikk. Reimdrift frå taket, med tilhøyrande utstyr/ delar.
 - kaldsag, eigen motor; produsert på Mellemværftet, med tilhøyrande utstyr/ deler.
 - kompressor med tank over arbeidsbenk sørvegg.
 - løpekatt med vogn og kjettingtalje, sørre enden av verkstaden. Stikk ut gjennom skyvedør i austveggen.
 - lagerbukkar, akslingar, reimskiver, reimer, i taket. Til dei ulike maskinene.
- rom 2.8, skruelager:
 - Hyller med dimensjonar avmerkt på framkant, samt alle andre hyller.
 - Luke til loftsetasjen.
- Uthus, koordinatar 7019646N, 133785Ø, Askeladden ID 120494-2

Fredinga omfattar bygninga sitt eksteriør. Fredinga av eksteriør inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter og listverk.

- materialbrygga, bygningsnummer 178812432, Askeladden ID 120494-3

Fredinga omfattar bygninga sitt eksteriør. Fredinga av eksteriør inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter og listverk.

- bustadhus/kontorbygg, bygningsnummer 178812459, Askeladden ID 120494-5

Fredinga omfattar bygninga sitt eksteriør og interiør. Fredinga av eksteriør og interiør inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløyising, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dørar, gerikter, listverk og eldstader. Fast inventar som veggfaste skap og benker er freda som en del av interiøret.

- vinsjhuset, bygningsnummer 178812440, Askeladden ID 120494-6

Fredinga omfattar bygningas eksteriør. Fredinga av eksteriør inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dørar, gerikter og listverk.

- slipp:
 - Litjhælingen, koordinatar 7019620 N, 133817 Ø, Askeladden ID 120494-7
 - Mellomhælingen, koordinatar 7019626 N, 133818 Ø, Askeladden ID 120494-8
 - Storhælingen, koordinatar 7019636 N, 133820 Ø, Askeladden ID 120494-9


Fredinga omfattar alle eksisterande konstruksjonsdelar.

- fortøyingspålar på Mellomkaia:
 - nordre påle, koordinatar 7019651N, 133829 Ø, Askeladden ID 120494-13
 - søndre påle, koordinatar 7019646 N, 133829 Ø, Askeladden ID 120494-14
- den gamle kaifronten av naturstein, koordinatar 7019579 N, 133831 Ø, Askeladden ID 120494-16
- rest av tømmerdokk, koordinatar 7019661 N, 133829 Ø, Askeladden ID 120494-15
- steamrenner ved sida av vinsjhuset:
 - steamrenne av tre, koordinatar 7019658 N, 133783 Ø, Askeladden ID 120494-12
 - steamrenne av stål, koordinatar 7019658 N, 133783 Ø, Askeladden ID 120494-11

- fortøyingsring på bergknaus ved tomtegrensa på smikaia, Koordinatar 7019569 N, 133831 Ø, Askeladden ID 120494-17
Fredinga omfattar innfesting i berget.
- kran på smikaia, koordinatar 7019594 N, 133826 Ø, Askeladden ID 120494-10
Fredinga omfattar heile krana og inkluderer hovudelement som konstruksjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som til dømes førarhus av tre.

Fredinga etter kml §19

Fredinga etter §19 omfattar området som er markert på kartet nedanfor. Området omfattar gnr./bnr. 7/7, 8, 9, 13 og 26. Fredinga omfattar vegetasjon, opphavlege installasjonar og hageanlegget kring verftet.



Føremålet med fredinga

Fredinga etter kml §15

Føremålet med fredinga er å bevare Mellemværftet som eit bygnings-, kultur- og industrihistorisk viktig døme på eit skipsverft frå 1800-talet med bustadhus. Det er vidare vesentleg å ta vare på verdifulle uttrykk for anlegget si historiske utvikling fram til nedlegginga i 1987.

Fredinga skal sikre dei einiskilde bygningane, samanheng mellom bygningane, samt dei teknologiske, arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane knytt til verftets funksjon, drift og vedlikehald.

Føremålet med fredinga av interiøret er å bevare opphøveleg rominndeling og konstruksjon som døme på produksjonslinje med opphøvelege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armatur og detaljer, samt opphøveleg fast inventar.

Føremålet med fredinga av større laust inventar er å sikre inventaret, som dels er viktig for å forstå og forklare den funksjonelle samanhengen i produksjonen, og dels for å vise korleis Mellemverftet tilpassa sin produksjon til skiftande krav i marknaden.

Fredinga etter kml §19

Føremålet med fredinga av området etter kml § 19 er å ivareta verknaden av det heilskaplege miljøet rundt anlegget, og å oppretthalde anlegget sin karakter som eit skipsverft med ei lang historisk utvikling, og som framleis er i bruk.

Fredinga skal ikkje vere til hinder for at Mellemverftet framleis skal kunne vere i bruk som verft.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma med heimel i kulturminnelova § 15 tredje ledd og § 19 andre ledd. Føresegnene er utforma i samsvar med fredinga sitt føremål, og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

Fredinga etter kml § 15

1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningane eller dei andre freda kulturminna eller delar av desse.
2. Det er ikkje tillate å bygge om bygningane sitt eksteriør eller det freda interiøret.
3. Det er ikkje tillate å gjere endringar på freda bygningar og andre freda konstruksjonar og konstruksjonsdelar.
4. Alt vedlikehald og all istandsetting skal skje med tradisjonelle materialar og metodar i samsvar med byggverka, konstruksjonane og det større lause inventaret sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane. Dette betyr at vedlikehald og reparasjonar skal gjennomførast slik at konstruksjonane ikkje endrast i oppbygning, utsjånad eller på anna måte. Ved vedlikehald eller istandsetjing skal ein nytte same material, festemidlar og teknikk/metode som opphavleg er nytta.
5. Tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan tillatast i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå forvaltingsmynda.
6. For dei delar av anlegget som er direkte knytt til aktiviteten, som til dømes slippene, er det ein føresetnad at ein kan foreta løypande vedlikehald for å halde anlegget i gang. For desse delane av anlegget vil difor visuell og prosessuell autentisitet vere viktigare enn den materielle. Det betyr at vedlikehald og reparasjonar skal gjennomførast slik at konstruksjonane ikkje endrast i

oppbygging, utsjånad eller på anna måte. Dette for å balansere omsynet til verneverdi, tryggleik og bruk.

7. Ved restaurering av slippene skal ein i særleg grad ta omsyn til tryggleik ved bruk av slippene. Av omsyn til tryggleik, vert det ikkje sett krav til å nytte tradisjonelle arbeidsmetodar til vedlikehald av dei delane av slippene som heilt eller delvis er under vatn. Det skal leggest vekt på slippene sin bruksverdi.

Fredinga etter kml § 19

8. Det må ikkje settast i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på annan måte motverke føremålet med fredinga. Dette gjeld alle former for bygging, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetting av gjerder, skilt, endring av planting eller belegg, planering, permanent lagring av private båtar, utfylling eller andre landskapsinngrep.

Følgjer av fredinga

Lovtilvising

Når det gjeld handsaminga av freda hus, anlegg og områder vert det synt til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 og 21, samt ovanfor nemnte fredingsføresegner.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova må i tillegg leggest fram for kommunal mynde. Ein gjer merksam på at løyve etter kulturminnelova må liggje føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan setjast i verk.

Vedlikehald

Det er eigar som har ansvaret for det løypande vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg.

Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kledning, vindaug, dører, listverk, gerikter og overflatehandsaming. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som råd skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og elles i samsvar med fredingsføresegnene.

For delar av anlegget som er direkte knytt til aktiviteten, er det ein føresetnad at ein kan foreta løypande vedlikehald for å halde anlegget i gang. For desse delane av anlegget vil difor visuell og prosessuell autentisitet vere viktigare enn den materielle. Vedlikehald og reparasjonar skal gjennomførast slik at konstruksjonen ikkje endrast i oppbygging, utsjånad eller på anna måte.

Sjå Riksantikvaren sine informasjonsblad for meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg. Desse er tilgjengelege på www.ra.no/fredning.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald. Dette følgjer av kml §15a og kml §19 tredje ledd.

Mynde til å fatte dispensasjon er delegert til fylkeskommunen.

Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan setjast i verk, eventuelt på visse vilkår. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal ein likeins kontakte fylkeskommunen.

Økonomiske tilskot

Det er høve til å søke fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjingsarbeid. Dersom det etter kml §15a vert gitt dispensasjon med vilkår som verkar fordyrande for arbeidet, skal det bli gitt heilt eller delvis kompensasjon for utgiftsauken, jf. kml §15a andre ledd.

Fylkeskommunen kan gi opplysingar om frist for innsending av og krav til søknad.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Mellemværftet vart anlagt om lag midt på 1800-talet. Verftet består av 6 bygningar med maskineri og utstyr, 3 slippar, fleire kaifrontar med diverse pålar, festepunkt, kraner mv. fordelt over arealet. Området som verftet ligg på, er i eldre kjelder omtalt som oppsettingsstad for jekter. Slike stader skal det ha vore få av i Kristiansundsområdet, og dei var soleis ettertrakta. Verftet er plassert med utgangspunkt i eksisterande topografi i området, trengt mellom berget på eine sida, og fjorden på den andre sida.

Det var drift på verftet i heile perioden frå start og til nedlegginga i 1987. I dag er verftet i musealt eige og drift.

For nærare skildring av kulturminnet, sjå vedlagte fredingsdokumentasjon.

Lokalisering og eigdomsforhold. Reguleringsstatus

Mellemværftet er plassert på vestsida av Vågen, som er det siste attverande av opphavlege 3 verft. På grunn av topografien, er Mellemværftet klart avgrensa i aust og i vest. Kranavegen (FV 421) går på oversida av bergveggen. Fladsethbrygga, Materialbrygga og eit gjerde mot sjøen, utgjer den fysiske avgrensinga mot nord. I sør er det sett opp eit gjerde for å hindre biltrafikk inn på området.

Mellemværftet er ein del av Nordmøre Museum, som også står oppført som eigar av gnr./bnr. 7/8, 9 og 13. Gnr./bnr. 7/7 er eigd av Foreningen Mellemværftet, og gnr./bnr. 7/26 er eigd av Kristiansund kommune.

Mellemværftet inngår i «Reguleringsplan for Vågen», plan-ID R-230, vedteke av Kristiansund kommune i 2001. I denne planen er Mellemværftet (frå og med eit område sør for verkstadbygget og Materialbrygga i nord), regulert til spesialområde for bevaring/allmennyttig/museum/mekanisk verkstad (SBA2).

Eit område rett nord for sjølve Mellemværftet (SBI2), er regulert til spesialområde bevaring industri og lager. I forklaring til reguleringa av dette arealet, står det at området er «tenkt vidareutvikla som utvida drift av Mellemværftet».

Mellemværftet er del av den etablerte kulturløypa «Vågen rundt», og er difor eit populært turmål. Det er lagt til rette for utandørs formidling av Mellemværftet og Vågen si historie.

Vurdering av kulturminnet – grunngeving for fredingsforslaget

Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering

Mellemværftet er eit godt bevart døme på eit skipsverft frå 1800-talet, og står solid som kjelde til kunnskap, oppleving og bruk.

Anlegget er svært godt bevart. Korkje eksteriør eller interiør har gjennomgått vesentlege endringar sidan tidleg på 1900-talet. Saman med aktiv bruk gjer dette historia til verftet, og

Kristiansund i det heile, godt lesbar. Kran, slipp og fortøyingspålar er døme på element som bygger opp under den funksjonelle samanhengen mellom dei ulike elementa i verftet.

Relevante oppfylte vernekriterier knytt til kunnskapsverdien er graden av representativitet, som eit svært godt bevart skipsverft frå midten av 1800-talet, vidare verknad for samheng og miljø i dette området i Kristiansund. Verftet har svært høg materiell, prosessuell og visuell autentisitet og er framleis i god stand. På grunnlag av dette kan anlegget vere kjelde til kunnskap både om bygningshistorie, verfts- og industrihistorie for Noreg generelt, og for Møre og Romsdal spesielt. Innsamla data frå munnlege kjelder gjer anlegget til ein svært viktig kjelde til kunnskap om driftsmåtar på eit verft frå 1800- og tidleg 1900-tal.

Knytt til opplevingsverdien har anlegget høg arkitektonisk, estetisk, og miljø- og identitetsskapande verdi. At verftet framleis er i bruk som verft av Mellemværftet Fartøyvernforening, styrker opplevings-, kunnskaps- og bruksverdien.

Mange av Mellemværftet sine tekniske installasjonar er framleis operative, og området nyttast stadig til reparasjon av mindre fartøy, noko som bidrar til vesentleg auka forståing av anlegget, og har eit stort potensial i høve til formidling. Anlegget dannar på denne måten gode rammer for å utøve og formidle handlingsboren kunnskap, eit tema som også er i fokus for Stiftelsen Nordmøre museum, som eig Mellemværftet.

Det er vidare eit interessant trekk at verftet har hatt ein sentral posisjon i høve til tidlegare reparasjonar og restaureringar av fleire verneverdige fartøy. Blant fleire kan nemnast M/K Tampen I, B/S Slukk II og R/S Stavanger som alle er med i «Riksantikvarens liste over verneverdige fartøy».

Riksantikvaren si vurdering av anlegget

Riksantikvaren sluttar seg til Møre og Romsdal fylkeskommune sin vurdering av anlegget.

Mellemværftet vart bygd ut og auka sin kapasitet i ei tid der Kristiansund si utanriksflåte vart avvikla. Dette skyldtast at Mellemværftet fokuserte på innanriksflåten, slofartsflåten. Nordmøre auka antalet seglande frakteskip i denne perioden, og dei fleste var innom Mellemværftet til vedlikehald eller reparasjon.

Mellemværftet har vore ein viktig brikke i vedlikehald av fiskefartøy og kystfrakteflåten, og leverte produkt og tenester ikkje berre til skipsfarten, men også til industrien og handverket. Fleire av eksisterande jakter og galeaser har vore innom Mellemværftet til vedlikehald eller reparasjon. Såleis har skipsverftet vore ein sentral aktør som landanlegg for Noregs flytande kulturminne.

Tidleg på 1900-talla var Mellemværftet ei sentral omriggingshamn og etter kvart sentral i nedrigginga og motoriseringa av slofartsflåten. Mekanisk arbeid vart viktigare, men vedlikehald, reparasjon og ombygginga av treskip var framleis ein sentral brikke i Mellemværftet si verksemd.

Mellemværftet i den utforminga vi kjenner i dag vart til i perioden 1887-1890. Mange verft i Noreg vart nedlagt, endra si produksjonsløype og eksteriør eller vart flytta ut av den sentrale bykjernen. Korkje interiør eller eksteriør på bygningane ved Mellemværftet er vesentleg endra, og verftet viser korleis det har tilpassa sin produksjon til skiftande utviklingar i marknad og teknologi for å overleve. Verkstaden er framleis i bruk og Mellemværftet er eit levande verft. I

ein nasjonal samanheng gjer dette Mellemværftet til ein av de få verft for treskip som framleis er i drift.

I følgje *Fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltningen*, datert 31.1.2015, er kulturminne nytte til temaet fiske og industri to av dei ti prioriterte temaa i fredingsarbeidet mot 2020.

Mellemværftet er ein representant for begge av dei to prioriterte temaa.

Riksantikvaren vurderer Mellemværftet som eit viktig kulturminne som representerer skipsverft og bustadshus frå 1800-tallet. Mellemværftet har vore i kontinuerleg drift frå start til nedlegginga, og er i dag eit verft i museal drift og del av kulturløypa «Vågen rundt». Dette gjer Mellemværftet til eit levande teknisk kulturminne med framleis utstrekt bruk, og eit populært turmål og formidlingsenter.

Med fredinga av Mellemværftet får fredingslista eit naudsynt supplement av maritime kulturminne, ein kulturminnekategori som framleis er mangelfullt representert.

Tilstand og økonomiske konsekvensar av freding

Det er 5 bygningar og til saman 11 andre konstruksjonar som er omfatta av fredinga.

Bygningar og anlegg i Mellemværftet har ein gjennomgåande god tilstand. Nordmøre museum har gjort løypande vedlikehald dei siste åra. Det vart gjennomført ein tilstandsrapport i 2010, og museet har sidan arbeidd systematisk med å rette feila som vart påpekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført ei tilstandsvurdering av byggverk og konstruksjonar i 2017. Fylkeskommune konkluderer med at bygningane og andre konstruksjonar og byggverk er i god stand.

Overordna TG for bustadshus er vurdert til å vere TG 2, og for Materialbrygga TG 2. Verkstaden har ikkje fått ein TG, men i dokumentasjonsvedlegget framgår det at den er i god stand. Overordna TG for dei fleste konstruksjonar er vurdert til å vere TG 1. Det er berre fortøyingsringen som har TG 2.

TG 2 er knytt til mindre vesentlege manglar som ikkje er knytt til konstruksjonen. På grunn av dette er overordna tilstandsgrad for Mellemværftet vurdert av Riksantikvaren til å vere TG 2. Ut i frå gjeldande Norsk Standard EN - NS 16096 vil dette seie at anlegget som heilskap har behov til løypande vedlikehald for å oppretthalde den allereie gjennomgåande gode tilstanden. Kostnadane med dette er vurderte opp mot nytteverdien av at eit miljømessig viktig og karakteristisk skipsverft frå 1800-talet av nasjonal verdi blir ivareteke og sikra for framtidig bruk.

Ut i frå ei samla vurdering reknar ikkje Riksantikvaren med at det vil innebere vesentlege økonomiske meirkostnader for staten å gjennomføre freding av Mellemværftet. Fredinga får ingen administrative konsekvensar ut over framtidig forvaltning av det freda kulturminne.

Riksantikvaren vurderer at Mellemværftet er ein så vesentleg skipsverft frå 1800-talet å taka vare på at freding er det rette verkemiddelet.

Riksantikvaren si mynde

Det følgjer av kml §15 jf. §22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller delar av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følgjer vidare av kml §19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet

eller vitenskaplege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova, §12 nr. 1.

Tilhøvet til naturmangfaldslova

Prinsippa i lov 19. juni 2009 nr. 100 om naturmangfald (naturmangfaldslova) §§8-12 skal leggest til grunn for all offentleg myndeutøving som vedkjem naturmangfaldet. Fylkeskommunen har gjort søk i Artsdatabanken sitt artskart og databasen til Direktoratet for Naturforvaltning, Naturbase.

Det er ikkje registrert sårbare eller trua arter i området som inngår i fredinga. Det er heller ikkje registrert andre sårbare eller spesielt verneverdige naturtypar eller naturområde. Vi vurderer difor at fredinga ikkje vil påverke naturmangfaldet i negativ retning.

Bakgrunn for fredingssaka

Mellemværftets nasjonale betydning vart allereie anerkjent i 1988, da Norsk kulturråds utval for teknisk og industrielt kulturvern vurderte Mellemværftet som representant for eldre skipsverft og ga si tilråding til bevaring. I 1994 ga Riksantikvaren ut ein verneplan for tekniske og industrielle kulturminne. Her vart Mellemværftet foreslått freda mellom anna som eit representativt anlegg for bygging og reparasjon av fartøy.

Arbeidet med freding av Mellemværftet vart første gang tatt opp kring 2004 etter initiativ frå Nordmøre Museum. Eit vedtak om freding gir ein klar styringsreiskap for naudsynt avveging mellom bruk og vern, og sikrar kulturminna mot ytre press, mellom anna frå utbyggingsinteresser.

Utgreiing av saksgang

Melding om oppstart

Fredingssak for Mellemværftet vart fyrste gong starta opp i 2006. Grunna stor arbeidsmengde ved kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har saka blitt liggande, og vart difor varsla på nytt 25.06.15.

I samsvar med lov om kulturminne §22 nr. 1 andre ledd, vart varsel om igangsetjing av fredingssaka sendt i brev av 25.06.2015. Varsel om oppstart vart kunngjort i avisene Tidens Krav og Adresseavisen. Det vart gitt ein frist på sju veker til å gje fråsegn. Det kom ingen fråsegner til den varsla oppstarten av fredinga.

Høyring 2016

I medhald av kml §22 nr. 2, vart kunngjering om utlegging til høyring/offentleg ettersyn gjort i avisene Tidens Krav og Adresseavisen 23. 04.16. Nordmøre Museum, Kristiansund kommune og Fortidsminneforeningen, Møre og Romsdal fylkesavdeling fekk tilsendt saka med 6 veker høyringsfrist.

Det kom inn ein fråsegn frå Kristiansund småbåtlag. Fråsegna var knytt til deira tidlegare søknad til kommunen om bygging av to naust i sør, og to naust nord for «Blåskuret». Laget bad om at grensa for områdefredinga vart flytt 8 meter mot sør for å gje plass til naust og gangareal. Laget meinte og at plangrensa hindra åtkomst til eigen grunn.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin kommentar

Grensene til områdefredinga følgjer reguleringsplanen for Vågen. I planen er aktuelle område regulert til spesialområde bevaring knytt til industri/lager, og fylkeskommunen ser ikkje at småbåtlaget sin søknad følger vilkåra satt i reguleringsplanen. Fylkeskommunen ser ikkje at ei

områdefreding vil være til hinder for åtkomst eller vedlikehold av eigen bygningsmasse. Dette så lenge slik aktivitet ikkje strid mot vilkåra for - og formålet med fredinga, og at aktiviteten skjer aktsamt og i tråd med kulturminnelova § 19.

Innspel utanfor høyringsperioden

Etter eit medieoppslag i Tidens Krav våren 2016, fekk fylkeskommunen ein ytterlegare fråsegn frå småbåtlaget, datert 30.03.17. Laget meinte, i tillegg til sin tidlegare fråsegn, at vernegrensa ville hindre utbygging av ein gangveg frå yttersida av «Blåskuret». Dei ønska også å forskjønne «Blåskuret». Laget bad om at vernegrensa mot nord vert trekt i flukt med gjerdet på grensa mellom museet og laget sitt areal.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin kommentar

Fylkeskommunen viser til at det skisserte tiltaket fell utanfor grensa for områdefredinga. Ein søknad om dette vil difor hamne under ordinær sakshandsaming i Kristiansund kommune. Fylkeskommunen haldt difor fast ved grensegangen i fredingsforslaget.

Fyrste gongs oversending til Riksantikvaren

Saka vart sendt til Riksantikvaren for handsaming 05.12.16, men det vart opplyst nokre manglar ved saka. Mellom anna at Kristiansund fartøyvernforening ikkje fekk tilsendt saka som part, at høyringa ikkje gjekk ut til Norsk Lysningsblad og at området ikkje var tilstrekkeleg registrert i sakshandsamingssystemet Askeladden.

Ny høyring 2017-2018

Fordi saka tidlegare ikkje hadde blitt sendt til alle eigarar, og det ikkje vart sett inn i norsk Lysningsblad var nytt fredingsforslag sendt på høyring 14.12.17, med høyringsfrist til 31.01.18. Saka vart annonsert i Norsk Lysningsblad. Kristiansund fartøyvernforening fekk og tilsendt forslaget til freding, då dei er part i saka.

Det kom inn ein fråsegn etter høyringsfristen, datert 06.02.18. Merknaden kom frå ein innbyggjar i Kristiansund, André Gjørven og omhandla to punkt. Det fyrste var knytt til sikkerheit og eit ønske om betre skilting for dei mjuke trafikantane som nyttar seg av området. I punkt to, peikte Gjørven på forslaget til fredingsføresegn nummer 7, og at det ikkje var relevant å forby fjerning av tre i området, fordi det berre finst kratt i området.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin kommentar

Fylkeskommunen er samd i første punkt, men påpeikar samstundes at Mellemværftet er eit område med periodevis verftsaktivitet, og syklistar og andre bør derfor vere særleg merksame på dette.

Fylkeskommune har tatt merknaden punkt to til etterretning, og at omgrepet tre kan verke upresist.

Kommunestyret si handsaming

I samsvar med kml §22 nr. 3 vart fredingsforslaget og innkomne fråsegner sendt til Kristiansund bystyre 15.02.18. Bystyret handsama fredingsforslaget 10.04.18 som sak PS 18/27. Bystyret fatta følgjande vedtak:

«Kristiansund kommune er positive til at Mellemværftet blir fredet.

Kristiansund kommune stiller seg bak både Fylkeskommunens og Riksantikvarens betraktningar om fredning av Mellemværftet.

Vedtaket frå Bystyret oversendes Fylkeskommunen for vidare saksbehandling fram mot fredningsvedtak.»

Andre gong oversending til Riksantikvaren

Saka vart oversendt til Riksantikvaren 20.04.18 for endeleg handsaming.

Riksantikvaren si vurdering av høyringsfråsegnene

Riksantikvaren har under handsaminga av fredingsforslaget vore i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Til merknaden som er datert 06.02.18 har Riksantikvaren følgjande kommentarar. Fredinga er ikkje til hinder for eksisterande bruk av området. Møre og Romsdal fylkeskommune handsamar søknadar om tiltak i tråd med dispensasjonsrundskriv.

Når det gjeld merknaden om fjerning av tre er Riksantikvaren samd i vurderinga gjort av fylkeskommunen og har difor gjort nokre presiseringar i føresegnene.

Riksantikvaren sluttar seg elles til Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering.

Riksantikvaren var på synfaring 28.06.17 med eigar av Mellemværftet og Møre og Romsdal fylkeskommune. Riksantikvaren registrerer at både eigarar og forvalting er positive til fredinga. Dette er gledeleg og gir det beste utgangspunktet for ivaretaking av Mellemværftet for ettertida.

Riksantikvaren sine endringar

Riksantikvaren har gjort enkelte mindre presiseringar og justeringar av fredingsføresegnene, for å gjere dei tydelegare. Det er ikkje gjort endringar av omfang eller innskjerpingar av fredinga. Vi har og gjort små justeringar i fredingskartet for å følge eigedomsgrensene.

Deler av vedtaksteksten er flytt frå «*Omfang*» til «*Føremålet med fredinga*». Dette gjeld mellom anna påpeiking at objekta framleis skal vere i bruk.

For å betre lesbarheita har vi satt inn oppstillinga over større laust inventar under omtalen av bygningen det gjeld.

Opplysning om klagerett og tinglysing

Riksantikvaren sitt vedtak om freding kan klagast inn for Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltingslova §28. Ei eventuell klage stilast til Klima- og miljødepartementet, men sendes Riksantikvaren innan tre veker frå fredningsvedtaket er motteke, jf. forvaltingslova §29.

Fredningsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kml §22 nr. 5.

Beste helsing

Jørn Holme

Hanna Geiran
avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg:

Dispensasjonsrundskrivet

Infoark - Å eie et fredet hus

Diplom (endast Stiftelsen Nordmøre Museum)

Kopi med alle vedlegg unnateke diplom til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Postboks 2500, 6404 MOLDE/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Kopi av vedtak til: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Kristiansund kommune		Postboks 178	6501 KRISTIANSUND N
Mellemværftet Fartøyvernforening		Kranaveien 24	6510 KRISTIANSUND N
Nordmøre museum		Postboks 291, Kongens Plass	6501 KRISTIANSUND N